

Referat frå møte i styringsgruppa for kommunereform 11. januar 2016

Tid: Måndag 11. januar 2016 kl. 13:00

Stad: Kantina, Sentrumsbygget

Til stades: Hans Petter Thorbjørnsen (ordfører, A), Jens Olav Holven (varaordfører, SP), Håkon Gjerde (V), Stig Yngve Røkenes (H), Guro Ljone (SV) og rådmann Joakim S.T. Øren (referent).

Innleiing

Ordførarar informerte innleiingsvis om status i arbeidet med å forhandle fram ein intensjonsavtale for alternativet Eidfjord kommune, Granvin herad og Ulvik herad. Det vart informert om at ordførarar og rådmenn i dei tre kommunane har avtalt eit nytt møte 12. januar 2016 for å arbeide vidare med intensjonsavtalen.

Det vart vidare opplyst at ein legg opp til eit felles møte for dei tre styringsgruppene i Eidfjord 18. januar kl. 18:00. Styringsgruppa i Ulvik vil ha eit eige møte i forkant kl. 16:30. Om dei tre styringsgruppene vert einige om å kunne tilrå intensjonsavtalen vert den lagt fram for heradsstyret til endeleg godkjenning i eit ekstraordinært heradsstyremøte 4. februar kl. 18:00. Tilsvarende vil bli gjort i Eidfjord og Granvin.

Intensjonsavtale

Ordførar informerte om status på arbeidet med intensjonsavtale mellom Eidfjord kommune, Granvin herad og Ulvik herad. Innhaldet i utkastet vart gjennomgått og nærare presentert. Det var deretter meiningsutveksling og drøfting av innhaldet i utkastet til intensjonsavtale. Ulvik herad si nærare tilnærming til dei vidare forhandlingane vart diskutert.

Ymse

Proessen vidare etter heradsstyremøte 4. februar vart drøfta. Det er ynskjeleg at informasjon om prosessen og innhaldet i intensjonsavtalen vert gitt til innbyggjarane på ein god og grundig måte. Slik informasjon må gis i god tid før gjennomføring av folkeavrøysting/innbyggjarundersøking.

Til slutt vart det informert om at Ullensvang herad i brev form har svart at dei ynskjer å vere ein del av den vidare prosessen. Ein avventar utspel frå Ullensvang.